


Ein spræk 98-áring.

Tomas Sviggum fortel om handelsferder og gardsdrift i eldre tid.



Tomas Sviggum var 98 ár den 29. august no i sumar.

Eg vilde gjerne helsa på han og prata litt om gamle dagar. Han stod ute på tunet, frisk og spærk, so ingen kunde tru at han runda dei 98. Han er klár i tanken og fylgjer godt med i tidi.

Me gjeng inn og fær oss ein hyggeleg prat.

Han er fødd på Kjølraug, beste-foreldri hans var frá Lærdal. Han frá Stønjum og ho frá Voll.

Faren kjøpte Sviggum då Tomas var vel eit ár gamal, og sidan har han butt der. Faren var handelskar, og då Tomas var i 22-ársalderen, tok han til som driftekar sjølv. Dei kjøpte fe og hest her i Sogn og i Nordfjord, leigde hamnegang på Tyin og gjætte der om sumaren. Gjætarbui var ei liti, trong steinhytte, men me tok det som det var, og treivst i fjellet, sa han. Sjølv laut eg vera mykje heime og arbeida på garden, so eg leigde gjætar. I mange ár hadde eg ein man frá Luster, Lars Feigum (Fransa Lars). Han var ein flink og trugen gjætar og ein hyggeleg kar. Når me kom om hausten og skulde jaga ned, koka han alltid rjomegraut. Me laga oss jamt so at me hadde nokre kyr som mjølka, og so la me ost og smør so me hadde nøgdi. Når veret var fint, kunde ein ha sine beste dagar i fjellet, men i stygge-ver kunde det røyndi på.

Eg minnest ein gong det kom slik fæl snøslette på oss då me jaga ned frá Bygdin. Då stod det om livet både for folk og fe. Til all lukke fann me eine som me brende heile natti, og soleis kom me vel frá det den gongen og. Dagen etter kom me fram til Store Kvåle i Slidre, og sidan for me etter bygdevegen.

Me jaga ned etter Valdres, Land og Haland og Ringerike, og selde livdyr på bygdene der. Ved glasverket låg me gjerne ei veker tid. Me handla mest på livdyr, men me hadde og nokre slaktedyrt som me selde i Kristiania. Me gjekk jammast heimatt, og frá Kristiania og til Lærdalsøyri tok det om lag ei veka, om me gjekk beinast.

Me budde på gardane, og der tok dei vel i mot oss. Betalingi var om lag 20 øre for natti og 10 øre for kaffien. På bortturen hadde me niste med, men på heimferdi laut me kjøpa maten, men dei var rimelege med oss. På hotelli var det sjølvstykdyrare, men der tok me sjeldan inn. Nystova var eit unnatak, der var sers gilde og hyggelege folk, so me kvilde gjerne nokre dagar der. Me gjorde jammast tre ferder for året. Om vinteren kjøpte me hest som me selde på vintermarknaden i Kristiania, som alltid tok til kyndelsmesse-dag 2. februar. So var det maikravet, då kørde me frá gard til gard og kravde inn.

Det hende mest ikkje at me fekk pengar kontant, som dei sa, og oftast laut me dela det i tre. Noko fekk me på vintermarknaden, noko i mai, og resten fekk me ikkje før me kom med ny drift att neste haust. Talet på festykke i driftene kunde vera so ymse, etter som tilhøvi var, men 100 stykke fe var rekna for ei stor drift.

Eg gifte meg og tok mot garden i 30-ársalderen, og slutta då med handelen. På spurnad om kor mykje han kunde føda på garden, svara han at i gode ár var det gjerne ein 20 naut, 5—6 hestar og 30—40 smalar. Han hadde fleire hingstar utetter ári, og den eine fekk 2. premi nokre gonger.

Om kor mange arbeidsfolk han måtte ha i den tid? Me hadde fast dreng og gjente, og so sumarkar og sumargjente, og ymse leigehjelp i den travlaste tidi. Korleis dei dreiv jordbruket for bort i mot 100 ár sidan? Far min hadde ikkje plog, det var berre så-ar og fast-ar i den tid.

Men eg hadde sett og lært eit anna på ferdene mine, og kjøpte plog då eg tok garden. Tok so til å pløya mark, som dei sa, og det var ikkje vanleg i den tid. Kva tid me fekk slåmaskina? Ja, eg hugsar ikkje so vel året, men det var i 80-ári. Dei fyrste kom til Kjølraug og Sviggum. Du veit det var uråd å nytta slåmaskina før ein fekk pløya og jamna til Jordbruket har gjenge mykje fram på Hafslo i den tidi eg kan minnst. No slær me med maskina for breidd på dei fleste gardar, og folk har gjort mykje til å få gode rasar både i stall og fjøs.

Då me kjem inn på arbeidet hans i bygdestyret, svara han at han alltid hadde vore venstremann, og noko med kvart kjem det og fram at han har sete 6 bolkar i heradsstyret, og i lang tid vore doms-, takst- og lagrettemann og ymse anna.

Folk eg tala med på Hafslo fortalde at han alltid hadde vore ein føregangsmann på ymse omkverve.

Tomas Sviggum har vore gift to gonger. Fyrste gong med Ingerid Skagen frá Luster, og andre gongen med Synneva Joranger. Han har 7 born i live, har 15 borneborn og er oldefar til 19 born. Han har og 6 syskin i live, ei syster bur på Ugulo og ei på Molland. Dei andre syskini er i U. S. A.

Han fylgjer meg ut på tunet då eg bed velleva, og me stend og ser ut-over denne fagre bondebygdi. Her er gilde, velstelte gardar so langt auga ser, og alt vitnar om eit flinkt og strevsamt folk.

Eg ynskjer han ein ljós og lukkeleg alderdom, og takkar for gjestmilde og festleg samver.

Sigurd Fjøsne.

«Sogn og Fjordane» 15. okt. 1954.

Thomas Anderson Sviggum
f. 29.08.1856 på Kjølraug og
d. på Sviggo 12.06.1956
nær 100 ár gamal